



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/2050-

25. oktober 2024

Spørsmål nr 126 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til samferdselsministeren:

Eg forsøker igjen, og krever at samferdselsministeren svarer på og leggjer fram berekningsgrunnlaget som regjeringa la til grunn for bortfall av inntekter for samtlige gratisferjestrekningar som vart innført i Møre og Romsdal, lagt fram med grunnlag i innføringstidspunktet, fordelt pr. ferjestrekning. Korleis kan samtidig samferdselsministeren vise til og minne om at det er fylkeskommunane som har ansvaret for fylkesferjedrifta og finansieringa av dette, når statsråden samtidig instruerar og tar frå fylka dette ansvaret?

Svar

Tiltak som gjer det enklare for folk å bu i øysamfunn og langs kysten er viktig for denne regjeringa. Difor har regjeringa lagt til rette for å halvere takstane i ferjedrifta samanlikna med 2021, og lagt til rette for gratis ferjer til øyar og andre samfunn utan vegsamband til fastlandet og gjere ferjesamband med under 100 000 passasjerar årleg gratis.

Innføringa av gratis ferje og reduksjonen i ferjetakstane har blitt kompensert gjennom fleire aukingar av rammetilskotet i perioden 2021–2024. Kompensasjonen er vidareført innanfor rammetilskotet, og utgjer i 2024 om lag 1 046 mill. kr (i 2024-kroner), inkludert 258 mill. kr som Solberg-regjeringa føreslo til takstreduksjonar i 2022, jf. [Prop. 1 S \(2021–2022\)](#). Den samla kompensasjonen til fylkeskommunane tek utgangspunkt i inntektstal frå 2019, som var det siste «normalåret» før koronapandemien. Inntektstala frå 2019 for sambanda i Møre og Romsdal går fram av tabell nedanfor.

Finansieringa for reduserte takstar og gratis ferje heng saman. I berekninga av kompensasjonen til fylkeskommunane for innføring av gratis ferje, er det tatt høgde for at

ferjetakstane er halvert på alle ferjesamband og at fylkeskommunane er kompensert for dette gjennom rammetilskotet. I berekningsgrunnlaget for gratis ferje inngår difor også reduserte takstar. Tabellen nedanfor viser eit anslag på fylkesfordelinga av den samla kompensasjonen for takstreduksjon og gratis ferje i 2022 og 2023 (nominelle tal). Midlane til takstreduksjon blei i 2022 og 2023 fordelte etter dei estimerte billettinntektene som blir brukte til å berekne kriteriet for ferjer i inntektssystemet for fylkeskommunane, medan midlane til gratis ferjer i desse åra blei gjevne med ei særskilt fordeling innanfor rammetilskotet.

Fylkeskommune	i tusen kr	
	2022	2023
Oslo	0	0
Rogaland	22 676	33 029
Møre og Romsdal	186 575	235 698
Nordland	86 920	138 402
Viken	3 250	11 903
Innlandet	1 274	1 693
Vestfold og Telemark	7 061	11 131
Agder	4 493	7 928
Vestland	138 360	198 007
Trøndelag	64 480	86 105
Troms og Finnmark	47 811	71 281
Sum	562 900	795 177

Frå og med 2024 blir ikkje lenger kompensasjon for gratis ferje gitt med ei *særskilt fordeling*. Midlane til takstreduksjon og gratis ferje er lagt inn i ferjekriteriet i rammetilskotet til fylkeskommunar, jf. [Prop. 112 S \(2022–2023\) Kommuneproposisjonen 2024](#) og [Innst. 488 S \(2022–2023\)](#). Som det går fram av proposisjonen, er inntektsmodellen i ferjekriteriet justert for å ta omsyn til det samla inntektsbortfallet som følgje av reduserte ferjetakstar og innføring av gratis ferje. Dei fylkeskommunane som har den største reduksjonen i billettinntekter, skal og ha den største delen av kompensasjon.

Det finst ikkje berekningar på korleis inntektsmodellen ville vore utan ordninga med gratis ferje og utan takstreduksjonen, og det kan difor heller ikkje bereknast korleis effekten av denne endringa fordeler seg mellom fylkeskommunane. Eg har difor ikkje tal for korleis kompensasjonen fordeler seg mellom fylkeskommunane i 2024 og i budsjettforslaget for 2025. Samla heilårseffekt for kompensasjon til fylkeskommunane for takstreduksjon og gratis ferje blir om lag 1 046 mill. kr i 2024 og 1 089 mill. kr i 2025 (nominelle tal).

Berekningsgrunnlaget for reduserte takstar og gratis ferje er i all hovudsak basert på trafikkstatistikk frå ferjedatabanken for året 2019. Det er gjort nokre fråtrekk grunna nedlegging av samband og strekingar. Det var òg lagt på eit påslag for å ta omsyn til sambanda som ikkje rapporterte statistikk til ferjedatabanken. Under desse føresetnadene var inntekta på fylkeskommunale samband om lag 1 240 mill. kr i 2019 (eksl. mva og bompengar). Dette er utgangspunktet for berekningsgrunnlaget for gratis ferje og reduserte takstar. Tabellen nedanfor viser oversikt over inntektene på alle fylkeskommunale samband i

Møre og Romsdal i 2019. Merk at det er avvik mellom nye berekningar og det fylkeskommunen mottar i auka tilskot. Dette skuldast mellom anna at inntektene vert fordelte gjennom ferjekriteriet. Tiltaka er innførte over fleire år, og grunnlaget har endra seg gjennom tidsperioden.


Samband	Faktisk pris etter rabatt / eksl. mva og bompengar <i>(i tusen kr)</i>	Innføringstidspunkt for gratis ferje
Hundeidvika–Festøya	2 721	1. juli 2022
Molde - Sekken	1 741	1. juli 2022
Småge - Orta - Finnøya - Sandøya - Ona	2 908	1. juli 2022
Sæbø - Leknes - Skår - Trandal – Standal*	3 341	1. juli 2022
Stranda - Liabygda	20 945	
Eidsdal - Linge	28 445	
Sykkylven - Magerholm	65 642	
Brattvåg – Dryna**	18 554	16. august 2023
Skjeltene - Lepsøya – Haramsøya***	14 031	
Solholmen - Mordalsvågen	12 402	16. august 2023
Aukra - Hollingsholmen	25 367	16. august 2023
Åfarnes - Sølsnes	60 860	
Kvanne - Rykkjem	14 512	
Arasvika - Hennset	3 218	1.juli 2023
Seivika - Tømmervåg	26 826	
Edøya - Sandvika	12 318	16. august 2023
Volda - Lauvstad	10 934	
Larsnes - Åram - Voksa - Kvamsøya	5 631	1. juli 2022
Årvika - Koparneset	17 823	
Hareid - Sulesund	101 468	
Sum	449 688	

* Sambandsstruktur er endra. I grunnlag for å berekne effektar av takstreduksjonar vart det føreset at dette ikkje påverka inntektsgrunnlaget.

** Deler av sambandet er nedlagt grunna opning av Nordøyvegen. Inntekta på strekninga som ikkje er nedlagt (Brattvåg-Dryna) var på om lag 5,5 mill. kr i 2019.

*** Nedlagt grunna opning av Nordøyvegen

Med helsing


Jon-Ivar Nygård